

Strategisk samarbeidsutval

SSU

Møte 24.10.22

Saksliste

01/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

02/22 Oppsummering konstitueringsmøte 16. september

03/22 Strategisk samarbeidsutval (SSU)

- Gjennomgang og diskusjon av mandat og arbeidsprosessar
- Arbeid i grupper og plenumsdiskusjon

04/22 Felles handlingsplan 2022

- Gjennomgang av status for felles handlingsplan 2022

05/22 Samarbeidssekretariatet (SSE)


- Avklaring av forventningar til SSE i ny struktur


06/22 Retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet

- Presentasjon av utkast til retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet i Helse Bergen sitt føretaksområde

07/22 Eventuelt

Samhandlingsstrukturen i helsefellesskapet





Strategisk samarbeidsutval - oppgåver

Strategisk samarbeidsutval (SSU) skal handsame og følgje opp prinsipielle saker som gjeld heile helsefellesskapet.

- Sikre oppfølging av samarbeidsavtalen gjennom å vedta årleg felles handlingsplan
- Årleg gjennomgang av avtaleverket med sikte på naudsynte oppdateringar eller utvidingar
- Utvikle felles styringsinformasjon som grunnlag for betre planlegging, utvikling og prioritering
- Avtale korleis tenester skal planleggjast og utviklast i fellesskap, og sikre gjensidig involvering i planprosessar
- Sikre prioritering av pasient- og brukargrupper i tråd med [avtalen mellom regjeringa og KS](#)
- Gje innspel til aktuelle nasjonale høyringar, planar etc., og vere ein pådrivar for at det vert utvikla nasjonale styringssystem, lovverk, finansieringsordningar som stimulerer til samhandling
- Opprette og avvikle faglege samarbeidsorgan/nettverk etter behov. Nedsette tidsavgrensa arbeidsgrupper knytt til tiltak i felles handlingsplan, eller andre behov/problemstillingar
- Utforme retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet
- Bidra til utvikling og spreining av gode modellar for samhandling
- Planlegge «Partnarskapsmøte»
- Skal medverke til å løyse usemje i saker knytt til tolking av avtaleverket

Strategisk samarbeidsutval – arbeidsform

- Representantane i Strategisk samarbeidsutval er vald inn for 4 år om gongen
- Strategisk samarbeidsutval konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar
- Leiinga alternerer annakvart år mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, der leiar og nestleiar skal representere dei to nivåa, jf. avtalen mellom regjeringa og KS
- Samarbeidssekretariat er sekretariat for Strategisk samarbeidsutval. Referat frå møta skal publiserast på www.saman.no
- Alle partar kan melde saker til Strategisk samarbeidsutval. Sakene meldes til samarbeidssekretariatet. Leiar, nestleiar, brukarrepresentantane og samarbeidssekretariatet prioriterer saker for Strategisk samarbeidsutval
- Strategisk samarbeidsutval skal minimum møtast 4 gonger i året

Partnerskapsmøte

Strategisk samarbeidsutval (SSU)

OU- Voss	OU-Bergen	OU-Bergensregionen	OU-Nordhordland
<ul style="list-style-type: none">• 1 frå kvar kommune (5)• 1 fastlege• 2 brukarrep<ul style="list-style-type: none">• Spes.h.tj(1)• Kommune(1)• 1 hovedsamanslutning• Forholdsmessig lik repr. frå spesialisthelsetenesta etter sektoransvaret i området	<ul style="list-style-type: none">• Bergen Kommune(6)• 1 fastlege• 2 brukarrep<ul style="list-style-type: none">• Spes.h.tj(1)• Kommune(1)• 1 hovedsamanslutning• Forholdsmessig lik repr. frå spesialisthelsetenesta etter sektoransvaret i området	<ul style="list-style-type: none">• 1 frå kvar kommune (5)• 1 fastlege• 2 brukarrep<ul style="list-style-type: none">• Spes.h.tj(1)• Kommune(1)• 1 hovedsamanslutning• Forholdsmessig lik repr. frå spesialisthelsetenesta etter sektoransvaret i området	<ul style="list-style-type: none">• 1 frå kvar kommune (7)• 1 fastlege• 2 brukarrep<ul style="list-style-type: none">• Spes.h.tj(1)• Kommune(1)• 1 hovedsamanslutning• Forholdsmessig lik repr. frå spesialisthelsetenesta etter sektoransvaret i området

Faglege samarbeidsutval, underutval, nettverk ++

Samarbeidssekretariatet

Områdeutval - oppgåver

Områdeutvala skal handsame og følgje opp saker som gjeld det enkelte utvalsområdet.

- Bidra til god dialog mellom kommunar, spesialisthelsetenesta, brukarar og fastlegar om lokale samhandlingssaker
- Gje innspel til og forankre felles samhandlingsstrategiar -og tiltak
- Planlegge, setje i gang, og følgje opp lokalt forbetningsarbeid og lokale samhandlingsprosjekt
- Melde aktuelle saker til Strategisk samarbeidsutval
- Følgje opp saker frå og setje i gang aktuelle oppdrag frå Strategisk samarbeidsutval
- Opprette og avvikle lokale underutval og nettverk
- Ha oversikt over samhandlingsavvik og nytte oversikta i lokalt forbetningsarbeid
- Partane er samde om at reglane om teieplikt skal ivaretakast
- m.m.

Handlingsplanen - i gammel struktur

- Dynamisk og operativt verktøy
 - Felles aktivitet og tiltak
- Er utarbeida på bakgrunn av
 - Overordna føringar
 - Oppfølging av avtaleverket
 - Innspel frå partane
- To-delt oppbygging
 - Oppfølging av samarbeidsavtalar
 - Oppfølging av andre samhandlingstiltak
- Jamleg orientering om status for dei ulike tiltaka som fast sak i dei fire samarbeidsutvala (gammel struktur)
- Årleg gjennomgang av avtaleverket
- Felles handlingsplan er tilgjengeleg på www.saman.no



Samarbeidssekretariatet

Samansetting:

- Ein kommunal representant frå kvart områdeutval
- 3 representantar frå spesialisthelsetenesta etter følgjande fordeling: Helse Bergen (2) og Haraldsplass Diakonale Sykehus (1)
- Representantane skal rekrutterast frå strategisk nivå (leiar- eller rådgjevarnivå)

Arbeidsform:

- Sekretariatet skal leiast i fellesskap av 1 representant frå Helse Bergen og 1 kommunal representant

Oppgåver:

- Sekretariat for partnerskapsmøte og Strategisk samarbeidsutval
- Planlegge møter i - og følgje opp føringar frå partnerskapsmøte og Strategisk samarbeidsutval Ivareta sekretariatsfunksjonen i områdeutvala
- Halde seg orientert om saker som blir handsama av områdeutvala, faglege samarbeidsutval og i andre samarbeidsorgan
- Sekretariatet skal fungere som bindeledd i samhandlingsstrukturen, og kan medverke til å plassere ansvar for behandling av saker i rett samarbeidsorgan
- Ha redaksjonelt ansvar for felles nettside

Sekretariatet i helsefellesskapet

«Et velfungerende sekretariat vil være et viktig virkemiddel for å sikre åpenhet og legitimitet i beslutningsprosessene, og oppnå konsensusbeslutninger»

frå avtalen mellom KS og regjeringa

Gruppeoppgåver (Strategisk samarbeidsutval – områdeutvala)

- Korleis skal Strategisk samarbeidsutval arbeide for å nå måla med helsefellesskapet?
 - Prioritering av dei 4 målgruppene
 - Korleis sikra betre felles planlegging?
 - Korleis sikra auka samordning?
 - Korleis sikra godt samarbeid mellom Strategisk samarbeidsutval og områdeutvala?

Gruppeoppgåver - (Samarbeidssekretariatet)

- Kva er forventningane til Samarbeidssekretariatet i den nye samhandlingsstrukturen?
- Kva skal til for at Samarbeidssekretariatet skal vera i stand til å løyse oppdraget?
 - Funksjon, roller og delt leiarskap mellom kommunane og spesialisthelsetenesta
 - Ressursbehov (tid, kompetanse, likeverd)
 - Mandat

Gruppeinndeling

Gruppe 1

Ørjan Raknes Forthun
(gruppeleder)

Mads Hagebø

Hans Olav Instefjord

Bjørn Sivertsen

Eystein Hauge

Hilde Ystanes

Gruppe 2

Trond Egil
Hansen (gruppeleder)

Jonny Breivik

Anders Hovland

Anne Taule

Jan Elvøy

Torbjørn Kristensen

Gruppe 3

Randi-Luise Møgster
(gruppeleder)

Rebekka Ljosland

Lisa Nordmann Styve

Ida Nordvik

Grete Wold

Kjersti Nordanger

Felles retningsline for deltaking og representasjon i helsefellesskapet i Helse Bergen sitt føretaksområde :

- ei oppfølging av strategiske grep og prinsipp i Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
- regulerer deltaking og representasjon i Strategisk samarbeidsutval, Områdeutval og Faglege samarbeidsutval.
- Skal bidra til;
 - at prinsipp og føremål med overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1 vert etterlevd
 - ein robust og effektiv samarbeidsstruktur
 - forankring og eigarskap i samarbeidet og til felles utfordringar
 - kvalitet i arbeidsprosessar og arbeid med å implementere og følgje desse opp
 - at underordna avtaler vert fylgd opp, utvikle og styre nettverk, felles prosjekt, konkrete samarbeidstiltak m.v.
 - felles forståing for kva ansvar og mynde som er lagt til den enkelte avtalepart og den enkelte representant
 - at avgjersler og vedtak i helsefellesskapet skal skje etter konsensusprinsippet.

Kap. 2 Organisering og representasjon

For å sikre forankring og etterleving av samarbeidsavtalen er det etablert ein samhandlingsstruktur med samarbeidsorgan på politisk, administrativt og fagleg nivå, organisert slik:

- [Partnerskapsmøte](#)
 - [Strategisk samarbeidsutval \(SSU\)](#)
 - [Områdeutval \(OU\)](#)
 - [Faglege samarbeidsutval](#)
-
- Samhandlinga i helsefellesskapet skal innrettast etter prinsippa i [avtalen mellom regjeringa og KS](#)
 - Alle kommunar i helsefellesskapet skal vere representert i samhandlingsstrukturen, og det skal vere representasjon frå spesialisthelsetenesta der sjukehusa har sektoransvar
 - Det skal vere brukarrepresentasjon i alle samarbeidsorgan, på alle nivå i helsefellesskapet, og så langt det er mogleg skal det vere representasjon frå fastlegar

Kap 3. Mynde og ansvar

- Samhandlinga skal bygge på likeverd og dialog
- Planlegging og utvikling skal skje i fellesskap
- Formell avgjerdsmynde er lagt til kommunane og spesialisthelsetenesta
- Helsefellesskapet skal medverke til at avgjerdsprosessane blir betre og meir forpliktande
- Avgjersler og vedtak i helsefellesskapet skal skje etter konsensusprinsippet

Avtalepartane sitt ansvar

- må sørge for at representantar og vararepresentantar som vert utpeika har nødvendige fullmakter i forhold til representasjonsoppgåva dei er sett til
- skal gjensidig orientere om endringar i rutinar, organisering og liknande som kan få eller har innverknad på områda samarbeidet omfattar
- må legge til rette for/sørge for at representantane får avsett tid og ressursar til deltaking i samarbeidet, og at forventningane til oppfølging undervegs i arbeidet er tydeleg kommunisert
- pliktar seg til å gjere innhald i - og konsekvensar av avgjersler/vedtak - kjend og sett i verk i eigen organisasjon

Representantane sitt ansvar

- er vald inn for 4 år om gongen
- må ha grunnleggande kunnskap som gjer han/ho best mogeleg i stand til å bidra i samarbeidet. Dette inneber kjennskap til og forståing for samhandlingsstrukturen, for betydninga av dei prinsipp og strategiske grep som ligg nedfelt i Overordna samarbeidsavtale, og for prioriteringar som er gjort i tilhøyrande handlingsplan m.m.
- ansvar for å forankre oppgåver og rapportere arbeidsprosessar og løysingar hos den eller dei han/ho representerer
- Det skal utpeikast personleg vara for alle faste representantar i SSU. Vararepresentantane skal ha tilgang til alle saksdokument
- Det vert tilrådd at det utpeikast personleg vara for alle faste representantar i OU

Forts. kap 3. Mynde og ansvar

Fastlegerepresentasjon

- Det skal så langt det er mogleg vere representasjon frå fastlegar i alle samarbeidsorgan, på alle nivå i helsefellesskapet (jf. pkt. 5.7).
- Det vert vist til følgjande nasjonale tilrådingar for oppnemning, representasjon og honorering av fastlegerepresentantar til helsefellesskapet (jf. [Veileder om fastlegers deltakelse i helsefellesskap](#))
- Oppnemninga av fastlegar skal skje med utgangspunkt i den etablerte strukturen med lokale samarbeidsutval med fastlegeordninga (LSU).
- Fastlegar i helsefellesskapet er representantar for fastlegetenesta i kommunane, og skal gje innspel på sjølvstendig grunnlag
- Honorar for møtetid, førebuing og reisetid (rammeavtalen)

Brukarrepresentasjon

- Det skal vere brukarrepresentasjon i alle samarbeidsorgan, på alle nivå i helsefellesskapet
- Brukarrepresentantar skal oppnemnast av brukarutvala i spesialisthelsetenesta og dei kommunale brukarråda
- Honorarsats er den same som Helse Bergen sine satsar for brukarmedverknad, nedfelt i *Retningslinje for honorering av brukarmedvirkere i Helse Bergen*

Arbeidstakarrepresentasjon

- Det skal vere arbeidstakarrepresentasjon utpeika frå kommunal- og statleg sektor i strategisk samarbeidsutval og i områdeutvala.
- Det er viktig at representantane har kunnskap om helse- og omsorgstenestene, og samhandlinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

For områdeutvala gjeld følgjande:

- Representanten og vararepresentanten skal utpeikast frå høvesvis kommunal- og statleg sektor, og alternere roller annakvart år.
- Vararepresentanten kan delta som observatør.

Kap. 4 Økonomi

Døme på kostnadselement som fellesskapet må vurdere:

- Honorering av fastlege- og brukarrepresentantar
- Samarbeidssekretariatet
- Felles nettside
- Administrasjon

Forslag i retningslina:

- Avtalepartane dekker sjølve sine utgifter til deltaking i helsefellesskapet
- Kostnadar som partane er einige om skal finansierast i fellesskap, skal delast likt mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, og etter gjeldande fordelingsnøkkel (50% spes.h.t – 50% fordelt mellom kommunane?)